

# Ågotnes barnehage

Årsplan 2024-2025



Visjon for arbeidet vårt er å gje barna den beste starten på livet. Vi skal vera nære og trygge vaksne, og i barnehagen vår skal det være godt å vere.

## Barnehagen si historie

Den 15. august 2024 vart Hamramyra barnehage og Ågotnes barnehage slått saman til ein barnehage. Vi ligg nesten vegg i vegg, berre med ein parkeringsplass mellom oss, og med nytt gjerde og nye portar får barna boltra seg i eit stort fellesområde. Vi vil ha ein kapasitet på 10 avdelingar og er den største barnehagen i Øygarden kommune. Frå august har vi ni avdelingar opne. Vi har per i dag tre reine småbarnsavdelingar, to mellomavdelingar og to storbarnsavdelingar og to søskengrupper med barn mellom 2-5 år.

Barnehagen har ei god plassering i eit flott skogsterrang med nærleik til vatn og sjø. Den grenser til eit spennande friområde med skog, turløyper og idrettsanlegg / fotballbaner som vi ofte bruker. Nærmaste nabo er Ågotnes skule, Tranevågen ungdomskule, Frihuset og vi har kort veg til ulike bedrifter.

Vi har eit flott naturområde for utfalding, leik og undring både innanfor og utanfor gjerdet. Vi arbeider med å leggje til rette for gode leikemiljø, som barn kan trivast og utvikla seg i. Vi vil gje barna gode naturopplevingar gjennom å bli glade i naturen, bruke naturen og vera ute i all slags ver. Uteområda har ein fin kombinasjon av ulike leikeapparat, sandkasser, småhus og skogareal. Satsingsområdet vårt er sosial kompetanse, språk og leik.

***Visjon for arbeidet vårt er å gje barna den beste starten på livet. Vi skal være nære og trygge vaksne, og i barnehagen vår skal det være godt å vera.***

Vi legg vekt på høg pedagogisk kvalitet. Det vil seie at dei fleste som jobbar her enten er pedagogar eller barne og -ungdomsarbeidarar. I tillegg har vi fem spesialpedagogar som jobbar hos oss.

Vi er ein lærebedrift og har i år tre lærling. Vi er og praksisbarnehage for studentar frå Høgskulen på Vestlandet og tek imot elevar frå Sotra vidaregåande og Tranevågen ungdomsskule som treng praksis.

Årsplanen beskriv "grunnmuren" i arbeidet vårt, kva vi har tru på, og kva mål vi har sett oss for arbeidet vårt. Planen er eit arbeidsreiskap for personalet og vert brukt aktivt i det daglege arbeidet med barna. Årsplanen er skriven med utgangspunkt i diskusjonar og verdival i personalgruppa. Årsplanen er også skriven for å gje informasjon til foreldre og samarbeidspartnarar om kva barnehagen vår legg vekt på. Årsplanen vert kvart år godkjent i barnehagens SU.

Grunnlaget for arbeidet vårt ligg i barnehagelova, rammeplan for barnehagen og Øygarden kommune sine vedtekter. Vedtektene finn de her:

<https://www.oygarden.kommune.no/tjenester/barnehage/vedtekter-for-kommunale-barnehagar/>

Barnehagens formål og innhald er nedfelt i "Lov av 17. juni 2005 nr 64 om barnehagar".

Rammeplanen finn de her:

<https://www.udir.no/globalassets/filer/barnehage/rammeplan/rammeplan-for-barnehagen-bokmal2017.pdf>

### Kontakt med barnehagen:

Styrar: [vivian.ekerhovd@oygarden.kommune.no](mailto:vivian.ekerhovd@oygarden.kommune.no)

Tlf 55 09 62 00/93039659

Avd. Austavind	Tlf 95152284
Avd. Sønnavind	Tlf 99307183
Avd. Vestavind	Tlf 99308719
Avd. Mosepjusken	Tlf 992 99 975
Avd. Blåbærtua	Tlf 906 92 381
Avd. Skogstjerne	Tlf 911 69 513
Avd. Revehiet	Tlf 993 07 536
Avd. Lyngtusleren	Tlf 911 72 524
Avd. Skogtrollet	Tlf 950 78 145

### Planleggingsdagar 2024-2025

09.september 2024  
01. november2024  
07.februar 2025  
02.mai 2025  
30. mai 2025

Besøksadresse: Ågotnes barnehage, Hamramyra 4, 5363 Ågotnes

Postadresse: Ågotnes barnehage, Ternholmvegen 2, 5337 Rong

### Verdigrunnlag

Ågotnes barnehage skal formidle grunnleggjande verdiar som fellesskap, omsorg kor alle har eit medansvar for å representere eit miljø som byggjer opp om respekt og toleranse. Barna skal oppleve varme og kjærleik i barnehagen av vaksne som ser dei. Personalet har som gode rollemodellar ansvar for at verdigrunnlaget vert etterlevd i praksis. Det vil seie varme og kjærlege vaksne som viser omsorg og respekterer alle, både barn, foreldre og kollegaer. Barn og vaksne skal møte kvarandre med gjensidig respekt, og ulikskap skal sjåast på som ein rikdom for fellesskapet.



FOR ER DET IKKJE NETTOPP DET  
AT DU ER DEN DU ER,  
OG EG ER DEN EG ER  
SOM ER SÅ HIMLA FINT I  
DENNE VERDA

Solveig Johanne Grønstøl





**Slik ser kvardagen vår ut:**

Ca tider:

07.00 – 08.00

Barnehagen opnar. Roleg leik på avdelingane / fellesrommet.  
(Avdelingar samarbeider i start og slutten på dagen).

08.15 – 08.45/  
08.30-09.00

Frukost; barna har med seg eigen mat.  
Barnehagen serverar drikke.

09.00 -11.30

Organiserte aktivitetar, samlingsstund, leikegrupper, prosjektarbeid,  
uteleik, turgrupper og musikkksamling.

09.45 -11.00

Dinoskule på avd Skogtrollet og Lyngtusleren tysdag og torsdag.  
Vestavind og Sønnavind tysdag og onsdag

11.00-12.00

Lunsj; barnehagen serverer lunsj. Lettare varmlunsj ein dag i veka. Ulik  
dag frå avdeling til avdeling.

11.45 ➤

Sovetid for dei minste barna. Kvilestund for mellomavdelinga ved  
behov.

12.00 – 12.30	Påkledning for dei eldste.
12.30 – 14.30	Uteleik / inneleik
14.00	Kvilestund for dei eldste ved behov.
14.00 – 15.00	Ettermiddagsmåltid; barnehagen serverer frukt og brødmat. Småbarnsavdelingane startar med fruktmåltidet ca. kl. 14.00.
15.00 – 16.30	Leik ute / inne.
16.30-17.00	Barna er ute så sant veret tillét det. Avdelingar slås saman.

17.00 BARNEHAGEN STENGER

### Barnehagens visjon og hovudmål

***Visjonen for arbeidet vårt er å gje barna den beste starten på livet. Vi skal vera nære og trygge vaksne, og i Ågotnes barnehage skal det være godt å vere.***

I dette legg vi at vår barnehage skal være ein trygg og god stad for barna, med gode leike og utviklingsmoglegheiter. Vi vaksne skal ha barna sitt beste i fokus, og være til stades for kvart enkelt barn på deira premiss. Vi skal være ein arena kor barna lærer å omgås kvarandre og vi vaksne skal være gode rollemodellar.

Måten barna lærer å sjå på kvarandre, er ei føresetnad for danning. Gjennom danning er barna med på å omsette haldningar til handlingar. Gjennom danning utviklast evna til etisk refleksjon og tenking. Det er vår jobb som vaksne å møte kvart enkelt barn med omtanke, humor og glede, og gje dei opplevingar som bidreg til vekst og utvikling. Barna treng tilrettelegging kor dei kan utforske verda og oppleve meistring og lyst til å lære. Læring kjem av erfaring, at dei får vere med å prøve ut ting, utforske og bidra med eigne innspel. Leiken skal ha stort fokus i barnehagen vår med vaksne til stades som kan sjå til at alle barna får høve til å ha nokon å leike med. Barnehagen er også ein god arena å få inn likestilling mellom kjønn. Det å gje barna dei same moglegheitene uansett kjønn.





### **Satsingsområde sosial kompetanse, språk og leik**

Eit av satsingsområda våre er sosial kompetanse. Dette satsingsområdet har vi kvart år, og er alltid like aktuelt. Opplæring i sosial kompetanse skal gå som ein raud tråd gjennom alt vi gjer i barnehagen. Vi meiner at å lære barn sosial kompetanse, og hjelpe dei å bli eit sosialt kompetent barn, er ei av føresetnadane for å klare seg godt i alle samanheng, også seinare i livet. Sosial kompetanse må lærast, og dette lærer barna i samspel med andre barn og vaksne.

Målet vårt med å ha stort fokus på sosial kompetanse, er at vi ser dette som så viktig og fundamentalt for all seinare læring og utvikling. I samfunnet vi lever i, er det viktig å gje rom for alle, ha empati og å forstå at av og til treng nokon, noko meir enn andre. Samstundes er det viktig at barnet lærer å stå opp for seg sjølv, bli trygg på seg sjølv, og tørre å seie i frå når det trengs. Å lære barnet ein god balansegang mellom dette, ser vi som særskilt viktig. Dette harmonerer godt med barnehagen sin visjon som er å gje barna den beste starten på livet. Vi skal vera nære og trygge vaksne, og i barnehagen vår skal det være godt å vere.

*“Barnet skal få oppleve meistring og glede over livet”*



### Språk i barnehagen

Det andre satsingsområdet vårt er språk, som inneber både verbalspråk, nonverbalt språk og ASK (alternativ supplerande kommunikasjon). I vår barnehage ønskjer vi å fremje leselyst og nysgjerrigheit hos barna!

Alle barn skal delta i eit rikt språkmiljø i barnehagen vår. Dette er eit av dei viktigaste områda vi i barnehagen kan jobbe med. Det påverkar barnet her og no, men også i framtida. Eit godt språk er ei føresetnad for all sosial samhandling, og vil påverke barnet resten av livet.

Arbeid med språk er planlagde og spontane aktivitetar og situasjonar i kvardagen som tek utgangspunkt i personalet sin kunnskap om barns språkutvikling. Vi legg vekt på å bruke alle høve vi har til å samtale med barna, setje ord på ting og følelsar, leike med språket og ha språkutviklande samtaler.

Vi legg opp til faste samlingsstunder kvar dag kor vi samtaler, les og syng saman med barna. Vi har også musikkstunder og lesestunder og brukar dikt, rim og regler og leikar med språket. Dette er aktivitetar vi veit er av stor verdi.

Også måltidet og garderobesituasjonen gjev rom for gode samtaler med barna. Her set vi ord på det vi held på med, på kjensler og det barna er opptatte av. Leiken er kanskje den beste språklege arenaen vi har. Her kan barna gå inn i andre roller og dei får lære seg nye ord og setje namn på ting dei elles ikkje hadde fått erfaring med. Her er dei vaksne ein viktig medspelar for å utvikle språket til barna vidare.



Nokre barn treng ekstra språktrening, og her legg vi til rette for små språkgrupper nokre dagar i veka. Dette er likevel berre eit supplement som ikkje kan erstatte den daglege arenaen for utvikling av språk.

I barnehagen skal vi framover fortsetje å ha fokus på språkstimulerande aktivitetar. Vi har hatt kompetanseheving for tilsette i Språkløyper. Dette omhandla barns språkutvikling, leselyst og formidling av bøker til barn. Språkløyper består av gratis ressursar for kompetanseutvikling retta mot barnehagepersonale på området språk, lesing og skriving. Det faglege innhaldet er forskingsbasert, og er utvikla av Lesesenteret og Skrivesenteret, i samarbeid med ulike kompetansemiljø ved ein rekke universitet og høgskuler, samt mange barnehagar og skuler. De kan lese meir om språkløyper her:

<https://sprakloyper.uis.no/barnehage>

Lesing og samtaler rundt bøker har stor verdi for barns språkutvikling, viser skandinavisk barnehageforskning. For å lykkast i arbeidet med barns språk er det avgjerande å implementera språk og leseaktivitetar i kvardagen. Barn lærer språk gjennom å bruke og høyre det i meningsfulle situasjonar og gjennom aktiv deltaking i språklege aktivitetar.



Forskning på norske barns språkutvikling (8–36 månader) viser blant annet at forståinga utviklast før barnet sjølv produserer språk, og frå 3–4 årsalderen blir språket viktigare og viktigare for sosial utvikling, leik og læring. For eksempel er rolleleik meir språkleg krevjande enn vi ofte tenker over.

Leseaktiviteter gir nærheit og felles opplevingar, og vi i personalet har derfor laga oss eit eige bibliotek i barnehagen, der vi kan gå inn saman med ei gruppe barn og hente bøker, ha ei lesestund eller ei eventyrsamling. Vi har innreda biblioteket med bord og stoler, med eigen forteljarstol for den som les og dramatiserer, samt at flanellograf og andre konkretar er lett tilgjengeleg.



## Leik og læring

Leik i barnehagen er det tredje satsingsområdet i barnehagen vår. Leiken skal ha stor plass i barnehagen, den har sin eigenverdi og er barnas viktigaste veg til læring. Vi skal legge til rette for og inspirere til ulike typar leik, både inne og ute. Vaksne må støtte og hjelpe barna til å bygge gode relasjonar og å få leikekameratar. Å leike er eit mål i seg sjølv.

I eit leikefellesskap vert grunnlaget for barns vennskap med kvarandre lagt. Leiken rommar alle formar for læring, den utviklar språket, fantasien, opplevingar vert prosessert og dugleik utprøvd. Gjennom leiken utviklar barna sosial kompetanse kor evna til å forstå seg sjølv og andre sine tankar og følelsar, modnast. Å delta i leik og få vener, er grunnlaget for at barna trivst i og opplever barnehagen som meningsfull. I leiken lærer barna å samarbeide, lytte til andre, gjere avtaler om roller og ta sjølvstendige val. Dei lærer å dele, kompromisse og tilpasse seg andre sine framlegg. Sjølvbilde vert danna og grunnlaget for læring og omsorg vert skapt i

samspelet med andre barn og vaksne. Leiken skapar forståing og samhald på tvers av både alder, språk og kulturalar.

I barnehagen vår skal barna møte engasjerte vaksne som er deltakande i leiken på barna sine premiss. Det å ha vaksne rundt seg i leik gjev barna tryggleik. Dei skal være støttande og rettleiande for barnet. Dei vaksne må også være merksam på når barna ønskjer å leika åleine eller berre med jamnaldrande. Denne fine balansen mellom å delta og å være på sidelinja må dei vaksne vera bevisste på. Vi legg til rette for leik både ute og inne, tilrettelagte leikegrupper og frileik. Leik har ein stor plass i barnehagen vår.

Den vaksne kan og reflektere saman med barna i forhold til det å leike i lag. «Kva kan eg sei og gjera for å få være med å leika? Kva seier/ gjer eg når andre vil være med i leiken?»





## Bærekraft

Ågotnes barnehage skal jobbe for å ivareta naturen. Dette gjer vi blant anna ved å redusere bruk av plast, redusere matsvinn og gjenbruke det ein kan i kvardagen. Døme på dette er at vi tar med oss boss heim frå tur og plukkar opp det vi finn av boss i naturen, vi resirkulerer det vi kan resirkulere, og vi snakkar om korleis vi kan ta vare på dyra og naturen kring oss.

## Alternativ og supplerande kommunikasjon

Ågotnes barnehage har høgt fokus på alternativ og supplerande kommunikasjon i kvardagen. Dette er uavhengig av behov i barnegruppa. I denne samanheng nyttar vi dagtavle og aktivitetstavle med symbol og teikn – støtte. Avdelingane har og tilgang til Tobii (kommunikasjonshjelpemiddel) på Ipadene sine, som nyttast når enkeltbarn har behov for ytterlegare støtte i kommunikasjon med andre. Vi har og ordkort og språkpermar som er knytt til dei ulike tema som ein jobbar med.



Personalet har og fått, og skal vidare få opplæring i teikn til tale. Dette er opplæring i grunnleggjande kvardagsteikn, teikn til enkle barnesongar og teikn når vi fortel eventyr. Vi jobbar kontinuerleg med å utvikle oss innfor dette fagfeltet.

## Trygg i Fellesskap i vår barnehage

I tråd med målsettinga til «Trygg i Fellesskap», ønskjer vi å forebygge og redusere omfanget av mobbing, og å sikre at mobbing blir avdekkja og handtert godt av alle som jobbar i barnehagen.

Definisjon på mobbing er: Mobbing er handlingar frå vaksne eller barn/ungdom som krenkjer opplevinga til ein person av å høyra til og vera betydningsfulle for fellesskapet.

Barnehagen er ein viktig arena for sosial utvikling, læring og etablering av vennskap. I omsorg, leik og læring vil barnas gryande sosiale kompetanse både bli uttrykt og bekrefta, ved at dei viser evne til å leve seg inn i andre sin situasjon og viser medkjensle. Sosial kompetanse er vesentleg for å motverke utvikling av problemåtferd som diskriminering og mobbing.

Barnehagelova blei i januar 2021 utvida til å omfatte psykososialt barnehagemiljø paragraf 41, 42 og 43, (også kalla den nye mobbeloven). Barnehagen har i den forbindelse fått ein aktivitetsplikt som skal sikre at vi handlar raskt og riktig når eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Alle som arbeider i barnehagen, skal melde frå til barnehagens styrar dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt

barnehagemiljø. Saka skal undersøkast, og det skal settast inn tiltak og utformast ein skriftleg aktivitetsplan

Dei vaksne sine haldningar og handlingar er sentralt i arbeidet med å førebygge mobbing blant barna. Vi rettar difor søkjelyset på den enkelte tilsette sin måte å arbeide på. Første steg til suksess er at vi er bevisste og oppmerksom i kvardagen. Ingen barn skal være aleine eller bli halden utanfor i leik. Barna treng rettleiing og støtte for å meistre leikekoder og kome inn i leik. Samstundes er det viktig å lære barna korleis dei skal takle å av og til bli avvist. Det er ikkje alltid alle kan få være med i leiken. Barn må også få arbeidsro når dei leiker og ha moglegheit til å seie nei. Dette må vi vaksne respektere, men vi må lære barna å gjere det på ein respektabel måte. Vi har nulltoleranse på uakseptabel åtferd som gjer at enkeltbarn eller grupper føler seg krenka. Gjennom året har vi barnesamtale på dei eldste barna og jamlege observasjonar for å kartlegge eventuell skjult mobbing og sette i gang konkrete tiltak for dette.

Samlingsstunda er ein god læringsarena som vi ønskjer å nytte oss av i kvardagen. Her kan vi fortelje, dramatisere og prate om t.d. vennskap og andre aktuelle tema. «Vennsapsveka» i veke 36 er retta konkret mot vennskap og inkludering. Vi ønskjer då å ha eit ekstra fokus på å skape gode relasjonar og styrke samholdet blant barna i barnehagen, samt prate om temaet mobbing på dei største avdelingane.

Gjennom heile året ønskjer vi i personalet å ha god dialog med dykk foreldre om barnet vert utsett for, eller utøver mobbing i barnehagen. Det er viktig at dialogen er gjensidig, og at vi i personalet får informasjon dersom barnet ditt fortel noko heime. Dette for at barnehagen kan ta tak i problemet eller eventuelt oppklara misforståingar.

### **Saman kan vi stoppe mobbing!**

Handtering dersom mobbing vert avdekka:

- Det er viktig å ivareta alle involverte partar.
- Samtale med den som vert mobba. Stille opne spørsmål, så ein får fram barnet sin oppfatning/meining.
- Tett vaksenoppfølging og systematisk observasjon av gruppa / barnet.
- Samtale med barnet sine foreldre, fortelje kva avdekkinga har vist.
- Lage ein plan for vidare arbeid i samarbeid med foreldra.
- Leikegrupper med fokus på leikar som fremmer samarbeid og samhold.

Trygg i fellesskap (TIF) er også en tredjepart vi kan be inn, dersom vi treng det. Du kan lese meir om Trygg i fellesskap her: <https://www.oygarden.kommune.no/tjenester/skule-og-sfo/skule/mobbing/trygg-i-fellesskap/>



SYNGENDE  
  
BARNEHAGE

Barnehagen vår er medlem av organisasjonen Syngende barnehage. Vi ønsker å være ein syngande barnehage fordi dette er positivt for samspel menneske imellom. Det skaper vennskap, gode relasjonar, tryggleik og fellesskap. I tillegg viser forskning at vi stolar meir på kvarandre og vert meir hjelpsam, når vi syng i lag. Forsking viser også at stresshormonet kortisol går, ned og kjærleikshormonet oxytocin går opp når vi syng. I tillegg til desse positive effektane song og musikk har på vår psykiske helse, er det også positivt for språkutviklinga til barna. Spesielt viktig er det for barn med anna morsmål enn norsk.

Vi har musikkgrupper for barna på fleire av avdelingane kvar veke. De kan gå inn å lese meir om Syngende barnehage på <http://www.syngendebarnhage.no/> [www.skattkammer.no](http://www.skattkammer.no)  
Passord får de i barnehagen.

#### Fleirkulturelt arbeid

Ågotnes barnehage har barn og tilsette frå mange nasjonar. I oktober og november jobbar vi med prosjektittelen «Da verda kom på besøk», og prosjekter og aktivitetar er knyta opp mot FORUT. Vi fokuserer på barnas





ressursar, evnar og ambisjonar, og gjennom materiellet til Forut, formidlar vi ekte historier som gjev læring og kunnskap om ei anna kultur, likskap og ulikskap og felles behov som vennskap, leik, familieliv og tryggleik. Vi avsluttar prosjektperioden med ein Forut-markering / høstfest for foreldre og føresette.

NB! I kommunikasjon med foreldre nyttar vi tolk ved behov.



### **Kropp, rørsle, kvile og helse.**

«I kroppen min bur eg»:

Rammeplanen vektlegg arbeidet med kropp, rørsle, mat og helse. Mellom anna skal personalet bidra til «at barn utviklar eit bevisst forhold til retten til å bestemme over eigen kropp og respekt for andre sine grenser.» Kwart år har vi prosjektet «I kroppen min bur eg». Dette prosjektet knytast til fleire områder vi skal jobbe med over nyttår. Vi skal arbeide med fokus på kroppen vår, og vi fokuserer på at eg bestemmer over min kropp. Eit av fokusa er å hindre overgrep og gjere barna i stand til å seie nei.

Barna skal bli kjent med jentekroppen og guttekroppen. Vi skal innom ulike familieformer som at nokon bur med to mammaer, at nokon bur med to pappaer, men at dei fleste bur med ein mamma og ein pappa eller med berre ein foreldre og at alt er like bra og naturleg.

Barn uttrykkjer kjensler gjennom åtferd og kommuniserer ofte gjennom kroppen. Dei viser glede, frustrasjon, og usikkerheit gjennom kroppslege uttrykk. Like viktig som all anna utvikling er også barna sin seksuelle utvikling. Barn utforskar kroppen sin åleine, eller saman med andre og stiller spørsmål. I møte med andre får vi stadfesting på kven vi er. Seksualitet er ein viktig del av vår identitet og korleis vi oppfattar oss sjølve. Å bygge opp ein god seksualitet og eit godt tilhøve til eigen kropp, er ein føresetnad for å kunne klare å ta eigne val i høve til kroppen sin, tryggleik til å uttrykkje seg som ein ynskjer, og til å ha ein god oppleving av seg sjølv. Å gje barna kunnskap om kropp og grenser styrker deira moglegeheit til å setje grenser for seg sjølv, og sei frå om vonde opplevingar og grenseoverskridingar. Det skapar openheit og toleranse for kjønn, identitet og andre sine grenser. Det lærer barnet respekt, likeverd og forståing.

### **Mat i barnehagen**

Vi er opptekne av at barna får eit sunt og godt kosthald servert i barnehagen. Vi serverer grovt brød, grove knekkebrød, lett mjølk, vatn og elles sunt pålegg og grønsaker. Ein dag i veka serverer vi enkel varmlunsj. Dag varierer frå avdeling til avdeling. Til ettermiddagsmåltid serverar vi frukt, og litt brødmat eller knekkebrød, vatn til drikke. Frukost tek barna med seg sjølve, og vi oppmodar foreldre til å lage ein sunn frukost til barnet. Tips til næringsrik frukost kan være grovt brød / knekkebrød, havregryn, oppkutta frukt / grønsaker, grove vaflar / pannekaker, wraps med pålegg, middagsrestar ol. Vi ønsker at de begrenser yoghurt /smoothie, eventuelt vel alternativ med mindre sukker. Barnehagen er ein 5 om dagen barnehage. Det vil seie at vi skal fokusere på å ha frukt og grønt til alle måltid vi serverer i barnehagen.

### **Søvn og kvile**

Barnehagen legg opp til kvilestund kvar dag for alle barn i barnehagen. På småbarns-avdelingane søv barna på madrass inne i barnehagen eller i eigne vogner ute. Det er litt ulik praksis mellom bygga våre. Høyr derfor med personalet. Dei mellomste / eldste barna har ei kvilestund rett etter lunsj, eventuelt i forbindelse med fruktmåltidet. Den er slik at barna legg seg ned på matter og slappar av, mens ein vaksen les for dei, høyrer roleg musikk, lydbok eller rett og slett har ei stillestund.

### **Barnehagen skal være helsefremjande**

Barnehagen følgjer Helsedirektoratet sine tilrådingar når det gjeld sjukdom blant barna. Ved oppkast og diare skal barnet haldast heime 48 timer etter siste oppkast / diare. Vi tilrår også ein feberfri dag etter at barnet har vore sjuk. Det er ikkje greitt å gje barna Paracet om morgonen for å få feberen ned, for så å sende dei i barnehagen. Sjuke barn skal vere heime. Bergen kommune har årleg eit «Ren hånd» prosjekt som barnehagen alltid deltar på. Dette er eit metodisk opplegg som lærer barn om handhygiene. Elles vaskar vi hendene før/etter alle måltid, etter at vi har vore ute og etter toalettbesøk. Vi oppmodar foreldre om å vaske barnas hender når de kjem om morgonen for å hindre smitte. Og når de går heim om ettermiddagen. Dei siste åras koronapandemi har vist oss kor viktig handvask er.

### Dei 7 fagområda i rammeplanen

Fagområder	1-3 års alder	3-5 års alder	5-6 års alder
Kunst, kultur og kreativitet	Erfare og bruke sansane i møte med musikk, forming, dans og drama. Introdusere barna for ulike materialar. Bruke naturmaterialar, teikning, maling og modellering	Bruke fantasien til skaparglede i bilde og form og bearbeide inntrykk. Få erfaring gjennom ulike formingsmateriell og bruke sansane. Bli kjent med urbefolkninga i Norge	Oppmuntre til vidare eksperimentering med musikk, formingsmateriale og dramatisering. Besøk på kunstutstilling. Bli kjent med urbefolkninga i Norge
Kropp, rørsle, mat og helse	Fast turdag. Gje positiv merksemd til barnets meistring av eigen kropp. Minirøris, tumleleik, balansere, hinderløype, fysisk aktivitet, inne og ute. Oppmuntre til å kle på og av seg sjølv. Småbarnsavdelinga har eit fokus på sansemotorikk. Barna øver på å smøre sin egen mat.	Fast turdag. Uteleik kvar dag. Rørsleleikar både ute og inne, hinderløype, ol. Lære god hygiene. La barn være med på matlaging og ha fokus på sunt kosthald. Bevisstgjerung rundt egen kropp.	Fast turdag. Uteleik kvar dag. Rørsleleikar både ute og inne, hinderløype, ol. Lære god hygiene. La barn være med på matlaging med fokus på sundt kosthald. Bevisstgjerung rundt egen kropp.
Kommunikasjon, språk og tekst	Legge til rette for eit rikt språkmiljø. Støtte i omgrepsutviklinga ved å sette ord på ting. Song og musikk, eventyr, snakke om det vi ser i bøker. Vi har også språkgrupper ved behov for ekstra forsterking av språk.	Rikt språkmiljø, sette ord på ting og følelsar. Rim og regler, song og musikk, lese bøker. Bruke språket for å få gode relasjonar og hindre konflikhtar. Tall og bokstaver tilgjengeleg for å vekke nysgjerrigheit.	Dinosaurskule kvar tysdag og torsdag. Legge til rette for leikeskriving av tal og bokstav og oppmuntre til at barnet kan skrive namnet sitt. Høgtlesing og fortsette med rim og regler, song og musikk.
Mengd, rom og form.	Oppmuntre til utforsking og støtte barnets matematisk utvikling. Setje ord på mengde, sortere og kategorisere.	Kunne telje til ti. Telle barna i samling o.l. Bli kjent med omgrepa stor – liten, kort – lang, høg – låg osv. Bli kjent med ulike former og figurer. Få erfaring med mønster.	Få erfaring med tall og teljing også over ti. Spele spel med terning. Få erfaring med å leikeskrive tal. Få erfaring med at mengda er lik sjølv om det er i ulike former.



		<b>Butikkleik</b>	
Nærmiljø og samfunn	Bli kjent med nærmiljøet gjennom korte turar i området.	Bli kjent med nærmiljøet med lengre turar rundt i området. Besøke butikk, andre barnehagar, sjukeheim ol. Ta buss.	Turar i nærområdet. Få kjennskap til ulike yrke. Kva foreldra jobbar med osv. Lære om sjukebil, politibil osv. Besøke kyrkje, brannstasjonen. Trafikkopplæring
Etikk, religion og filosofi	Tid og rom for undring. Markering av høgtider.	Markering av høgtider. Undring og filosofering. Møte vaksne som kan undre seg saman med barna. Kvifor er det slik?	Kyrkjebesøk-påskevandring. Undring og filosofering.
Natur, miljø og teknologi	Tur kvar veke. Opplive naturen med alle sansar (førstehands-erfaring er den beste måten å lære nye ord på). Små turar i allslags vær, heile året. Opplive naturens endringar med årstidene. Opplive glede i naturen. Opplive insekt og dyr. Miljøvern og kjeldesortering.	Faste turar kvar veke i naturen. Få kjennskap og erfaring med årstider og vær. Få kjennskap til insekt og plantar i naturen og vise omsyn til dei. Opplive teknikk i kvardagen og i leiken. Miljøvern, bærekraft og kjeldesortering.	Faste turar kvar veke. Eksperimentere med teknikk. Ferdes i naturen og få opplevingar og kjennskap til naturens ulike element. La barna få kjennskap og innsikt i matproduksjon. Miljøvern, bærekraft og kjeldesortering.

Det barnet skal oppleve i barnehagen under 1-3 år stadiet i tabellen over skal dei også få kjennskap til ved dei neste aldersgruppene, men utvide dette vidare til neste kolonne 3-5 år og 5-6 år.




### Bursdagsfeiring

Vi markerer alle barna sin fødselsdag. Vi lagar krone og feirar i samlingsstund den dagen barnet har fødselsdag, (eller den nærmaste dagen, dersom sjølv fødselsdagen er i ei helg / ferie). Vi heng opp flagg for å markere for alle at vi feirar fødselsdag til eit av barna. Foreldre treng ikkje ta med noko til denne feiringa, dette ordnar vi i barnehagen 😊.

Siste fredag i månaden markerer vi i fellessamling for dei eldste barna, kven som har hatt bursdag denne månaden. Dette er ein fin måte å øve barna på å stå framfor ein stor forsamling. Vi syng bursdagssong og «skyt» opp bursdagsrakettar, ein for kvart år barnet er. Vi oppmodar foreldre ved bursdagsinvitasjon å enten invitere alle barna på avdelinga, alle på same alder, eller same kjønn. Dette for å hindre at nokon føler seg utanfor og at vi i personalet kan ha ein forklaring dersom eit barn spør kvifor dei ikkje vert beden i bursdagsbesøk. Det kan vera sårt å ikkje bli invitert, dette er det viktig at ein tenkjer gjennom før ein inviterer til bursdagsselskap).

### Tradisjonar i barnehagen

Månad	Aktivitetar og tradisjonar i barnehagen	Aktivitetar og tradisjonar med foreldre / føresette
August	Tilvenning i barnehagen	
September	Venskapsveke Oppstart Dinoskule Førstehjelpsveker og brannvern (Bjørnis)	Veke 36
Oktober	Markering av FN dagen og oppstart av Forut	
November	Forut	Alderstilpassa opplegg. Føresette blir invitert til Forut-arrangement.
Desember	 Markering av Lucia. Nissetur i skogen, der vi setter ut graut til nissen. Pepperkakehus lages til Kvednatunet Nissefest	På Lucia dagen vert foreldre og søsken invitert
Januar	Oppstart av «I kroppen min bur eg»	
Februar	Markering av samefolkets dag Temafest / Karneval Markering av fastelavn	
Mars –april	Barnehagedagen  Påskevandring i kyrkja for dei eldste	Markering i barnehagen ved henting
Mai	Friluftsvеke 17. mai leker Dinoavslutning Barnehagestafett	Dinobarna med foreldre
Juni	Avslutning Dinobarna på kveldstid	Dinobarna
Juni	Sommarfest	Sommarfest med foreldre / søsken
Juli	Sommarbarnehage	



## Nussa

NUSSA står for Nevroaffektiv Utviklingspsykologisk Strukturert Aktivitet. Barnegruppeprogrammet handlar om å byggje og styrkje barns kjensle-, personlegheitsmessig og sosiale ressursar gjennom gledefylt, engasjert og strukturert leik. Her forbedrar barna deira relasjonelle ressursar og sjølvinnsikt, slik at dei vert meir robuste ovanfor psykiske stressfaktorar.

Gjennom rytme og leik kan vi etablere eit tillitsfylt forhold til kvarandre, der ein kjenner at ein er saman, og både kan utfordrast, gledast og samarbeide med kvarandre.

Vi øver på å kjenne på positive kjensler som glede, empati, men også kjenne på negative kjensler som sinne, sorg og angsten for å miste.

Vidare hjelper Nussaprogrammet barnet med å stoppe opp, og styre sine egne impulsar. Ein øver på å inngå i sosiale samspel med felles regler som skal følgjast. Vi bruker Nussa prinsippa i kvardagen, i samling og i overgangar. Nokre avdelingar har egne Nussa-grupper med leik. I Ågotnes barnehage har vi tre pedagogar og spesialpedagogar med Nussa opplæring.





### Digital praksis

Digital kompetanse er blitt ei basisferdigheit i samfunnet vårt, på lik linje med lesing, skriving og rekning. I barnehagen skal vi sørge for at barna får byrjande digital kompetanse. Vi har Ipad på alle avdelingane. Desse er disponible for barna, og skal bidra til å utvikle barnas leik, kreativitet og læring. Dette kan til dømes skje ved å bruke pedagogiske spel og programvarer som bidrar til å utvikle barnas språk og ferdigheiter på mange områder (eller ved å lage animasjonsfilm, forteljingar som barna får lage og spele inn sjølv). Vi har blant anna kjøpt abonnement på Salaby barnehage, eit pedagogisk opplegg laga av barnehagelærar i samarbeid med Gyldendal forlag.

I barnehagen har vi ein ressursperson som sørger for at det er kvalitet over appane og programvare vi tek i bruk. Dei vaksne er til stades og er aktive med barna når vi bruker digitale verktøy, og kan rettleie dei. Dei vaksne utøver digital dømmekraft og ser til at bruken



av digitale verktøy skjer på ein hensiktsmessig måte tilpassa barnas alder, der barna får leike, lære og skape.



### **Danning og omsorg**

Omsorg er viktig for barns utvikling og læring, og skal prege kvardagen i barnehagen. Personalet skal gi barna god omsorg og lære dei å vise omsorg for kvarandre. Dette lærer dei ved at dei vaksne er gode rollemodellar, hjelper barna til å utvise omsorg for kvarandre, men også ved å ha det jamleg som tema i samlingsstundene. Danning er ein livslang prosess som blant anna handlar om å utvikle evna til å reflektere over eigne handlingar og veremåtar. Danning skjer i samspel med omgjevnadane og andre og det er ei føresetnad for utvikling av meiningsdanning, kritikk og demokrati. Gjennom gode dannelsingsprosessar vert barnet sett i stand til å handtere livet ved at dei utviklar evna til å forholde seg prøvande og nysgjerrig til omverda og ser seg sjølv som eit verdifullt medlem av eit større fellesskap. Danning er meir enn utvikling, meir enn læring, meir enn omsorg, meir enn oppseding og meir enn sosialisering. Samtidig rommar danning alt dette. Gjennom danning vert grunnlaget for barnets allsidige utvikling lagt.

Vi som arbeider i barnehagen har, saman med foreldre / føresette, eit stort ansvar for kva barna får med seg i sin "ryggsekk". Barnehagen er ein arena der barna får erfaring og opplevingar i å vere og å delta i eit større fellesskap. Dette er med på å gje barna kunnskap dei kan ha med seg vidare i livet. I arbeid med danning skal barna erfare å bli høyrte, dei skal vere med å bestemme regler i barnehagen, dei skal bli med å ta imot nye barn i barnehagen og dei skal erfare vaksne som er gode rollemodellar.





### Barns medverknad

"Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet. Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet. Barnets synspunkt skal tillegges vekt i samsvar med alder og modning."  
(Barnehageloven §3)

Ågotnes barnehage legg vekt på at vi som vaksne skal ha ei anerkjennande haldning og veremåte. Det vil sei at vi skal lytte til barnet, ta det på alvor og gje rom for ulike perspektiv. Kvardagsrutinane er organisert sånn at det er rom for barna sine egne initiativ. Alle er forskjellig og tenkjer ulikt, dette må vi ha rom for i barnehagekvardagen. Dette føreset at vi er lydhør for det barna er opptekne av og interessert i, og hjelper dei vidare i utforskinga av dette. Desse innspela får vi i dialog med barna, enkeltvis og i grupper, samt i dagleg observasjon av barna i kvardagen og ved barnesamtale. Barna får val dagleg i samarbeid med gruppa. Dette tek ofte utgangspunkt i barnas interesser og utforskartrøng. Vi bruker også barnesamtale som ein del av informasjonsinnhenting for å sikre barns medverknad.

Alle barn har ikkje eit utvikla verbalt språk, men dei har andre måtar og uttrykke seg på. Dei brukar kropp, blick eller lydar. Desse signala er det viktig at vi vaksne fangar opp slik at vi kan lære oss å forstå deira betyding av desse teikna. Vi må være merksam på detaljar og lære oss å sjå heilskap i det barnet prøver å fortelje oss. Gjennom å gje barna høve til å hevde seg sjølv og føle at dei vert sett, respektert og verdsett, får vi trygge og harmoniske

barn med tru på seg sjølv. I barnehagen har vi planar for det arbeidet vi skal gjere. Det er viktig med tanke på barns medverknad og av og til å legge desse planane til sides og ta inn over seg det barnet eller barna er opptekne av der og då og gå inn i det ukjente saman med barna.

	1-3 års alder	3-5 års alder	5-6 års alder
Medverknad	Følgje barna sine teikn, kroppsspråk og tale. Tolke signal. Nytte teikn for å få vite kva barna vil. Nytte bilete og teikningar der barna kan vise kva dei meiner. Ha dialog med foreldra om kva barna er interessert i.	Bestemme kva dei vil leike, og kor turen skal gå. Medverke til innhald i samlingsstundene (Kva bok skal vi lese. Kva song skal vi syngje. Kva skal vi snakke om). Hjelpe til med daglege gjeremål. Om mogeleg, få velgje om dei vil vera ute eller inne. Barnesamtale	Om mogeleg, velgje om dei vil vera ute eller inne Aktivitets - tavle. Barna sine interesser er utgangspunkt for ulike prosjekt. Barnesamtalar. Demokratiske prosessar kor barna får delta.

Det barnet skal medverke til i barnehagen under 1-3 år stadiet i tabellen over skal dei også medverke til ved dei neste aldersgruppene, men utvide dette vidare til neste kolonne 3-5 år og 5-6 år.




### Vaksenrollen

Barna i barnehagen er midt i den viktige læreprosessen om seg sjølv som person. Det daglege sosiale samspelet dannar ramma rundt denne læringa. Barna skal møte eit personale som er oppriktig interessert og engasjert i dei. Forholdet mellom barnet og den vaksne må vere prega av tillit og dette tillitsforholdet kjem av vaksne som er genuint interessert i barnet, ser det, møter det der det er og anerkjenner det. Dette forholdet er det den vaksne som har ansvar for å opprette. Den vaksne er også ein viktig omsorgsperson i kvardagen. Det er den som dekkjer dei grunnleggande behova barnet har og trøyster når det trengs.

Dei vaksne skal vere deltakande i leiken og i aktivitetar med barna, og være til stade i her og no situasjonen. Vi brukar difor mykje ressursar for å styrke personalet sin kompetanse og evne til å nytte denne i relasjon med kvart enkelt barn og barnegruppa. Kvaliteten i barnehagen handlar om personalets kompetanse. Noko av det vi jobbar med er COS (Circle of security).





Dei fleste i barnehagen har fått opplæring i foreldreprogrammet Circle of security. Bilete over viser tryggleikssirkelen i dette programmet.

Fleire av pedagogane på avdelingane og styrar har og fått opplæring i Opplæringspakken. Hovudmålet med opplæringspakka er å styrkje barnehagen sin kompetanse i å identifisere og å hjelpe risikoutsette barn og familiar. Opplæringa skal bidra til at barnehagen i større grad kan framstå som ein beskyttelses faktor for dei sårbare barna.

Kommunen har og kursa pedagogane opp i rolla som leiar. Fleire av pedagogane våre har vore gjennom denne kursrekka. Styrar har også tatt nasjonal styrarutdanning via NHH. Dette er ei opplæring initiert av Utdanningsdirektoratet for å sikre god leiarkompetanse i barnehagane. Øygarden kommune er også ein BTI kommune og pedagogane har fått opplæring i dette. Dette handlar om fokus på betre tverrfagleg innsats initiert av Helsedirektoratet.


### De utrolige årene

Dei fleste av personalet har delteke på kurs i "De utrolige årene" (DUÅ) gjennom kommunen og vi driv kontinuerleg opplæring på nye tilsette. DUÅ er eit skule og barnehageprogram som er utarbeid av Caroline Webster Stratton. Programmet er meint å styrke dei vaksne si kompetanse og handlar kortfatta om følgjande:

- Å bygge gode relasjonar mellom barn og vaksne
- Lære gode strategiar på korleis få barns merksemd, halde merksemda oppe og bruke merksemda til å fremje positiv åtferd.
- Strategiar for å nytte ros og påskjøning i lærings situasjonar.
- Utvikle planar for det enkelte barns åtferd.



- Lære grensesettingsstrategiar.



Gjennom systematisk arbeid med De utrolige årene viser forskning at også barn vil utvikle sin kompetanse på følgjande områder:

- Sosialt, emosjonelt og i høve til læring
- Bli betre til å løyse utfordringar og minske konfliktrar
- Utvikle vennskap med barn og vaksne
- Auka empati
- Redusere negativ åtferd og aggresjon



**Dinoskule**

Som forlenging av DUÅ har delar av personalet fått opplæring i «Dinoskule». Dinoskulen er barnehagens tilbod til førskulebarna, der målet er å styrkje barna sin emosjonelle og sosiale kompetanse, samt styrkje sjølvbilde og oppleving av meistring. Barna øver på å kjenne igjen kjensler hos seg sjølv og andre, ta andre sitt perspektiv, utvikle strategiar i forhold til problemløysing, konflikthandtering og sjølvkontroll. Dei øver og på å lytte, vente på tur, bli einig, stille spørsmål, hjelpe kvarandre, dele, samarbeide og gje kvarandre kompliment. Dette er sosiale ferdigheiter barna har bruk for i dagleg samspel med andre, og som er viktig å ha med seg vidare i overgangen til skule.


Dinoskulen varer frå september og ut ca. mai månad. Vi startar med ei felles samling, der vi nyttar store handdukkar, samtale omkring videosnuttar, rollespel og øvingar, samt ulike aktivitetar. Etterpå jobbar vi i faste smågrupper, med oppgåver knytt opp mot dagens tema. Barna får også med seg oppgåvebøker heim. Dette likar dei fleste barna og mange kjenner seg litt ekstra stor og snart klar for skulen.

### **Overgang heim – barnehage**

God overgang mellom heim og barnehage er viktig for å sikre ein god barnehagestart. Barnehagen legg opp til at det er ein vaksen som har hovudansvar for tilvenning av barnet, for så gradvis å verte kjent med resten av personalet på avdelinga. Vi legg opp til at foreldre er med i starten, og at det er barnet sjølv som regulerer kva tid det er klart til å la foreldre gå frå. Vi anbefaler korte dagar i starten og at tida i barnehagen vert utvida etter kvart som vi ser det går fint med barnet. Vi har besøksdag for barnehagestartarane. Vi anbefaler også foreldre til å komme innom barnehagen før oppstart. Det og helse på personalet, sjå lokala og verte kjent med uteområdet viser seg å gjere tilvenningsprosessen kortare. Det at foreldre vert kjent og trygg på barnehagen og personalet smitter over på barnet. Barnehagen har også i den første tide ei startsamtale med foreldra, anten før oppstart eller i tilvenningsperioden. Då vert foreldra invitert til å fortelje om barnet og familien. På denne måten vert personalet godt kjent med familien og dei opplevingar barna har fått før det startar i barnehagen. Dette er med på å ivareta barnet på ein endå betre måte.

### **Overgang frå småbarnsavdeling – storavdeling**

Barnehagen har rutine på overgang mellom småbarnsavdeling og stor avdeling. Foreldre vert så tidleg som mogeleg gjort merksame på overgang til ny avdeling. Dersom foreldre ønsker samtale ved overgang til ny avdeling, så legg vi til rette for dette. Barnehagen har og rutinar for at barnet får komme på besøk til den nye avdelinga nokre gonger, før skifte vert gjort. Juni er derfor besøksmånad kor vi går på besøk til ny avdeling.



### Overgang barnehage – skule

Vi skal gjere det siste året i barnehagen til ei fin avslutning på barnehagetida. Dei er eldst i barnehagen og treng litt nye utfordringar og ser fram til å bli skuleborn. Det siste året før skulestart legg vi til rette for førskulegruppe, hos oss Dinosaurskule.

Øygarden kommune har laga ein felles plan for overgang barnehage skule som skal gjelde for alle dei kommunale barnehagane. Denne planen skal sikre at overgangen mellom barnehage og skule er til det beste for barnet og gjere ein mest mogleg samheng mellom barnehage og skulen. Den vil sikra at overgangen vil vere mest mogleg lik i alle barnehagane, men litt lokale variasjonar vil førekomme. Dette kan vere ulikskap i forhold til om barnehagen grensar til ein eller fleire skular.

Vi bruker å ha eit overføringsmøte med skulen når vi veit kor barnet skal gå på skule. Her utvekslar vi erfaringar kring barnet for å sikre god overgang til skulen. Foreldre gjev samtykke for kva som vert teke opp på dette møtet.

Kunnskapsdepartementet har gitt ut ein rettleiar som seier noko om kva som skal vere i fokus denne tida. Denne rettleiaren, barnehagelov og rammeplanen er utgangspunktet for planen Øygarden kommune har laga. Innhaldet i planen seier noko om kva erfaringsgrunnlag foreldre og skule kan forvente av barna når dei startar på skulen. I tillegg er den konkret i forhold til kva førskulegruppa før skulestart skal innehalde. Planen ligg på heimesida vår eller de kan gå inn på linken under:

<https://www.oygarden.kommune.no/tjenester/barnehage/sprakkommune/overgang-barnehage-skule/>



## Planlegging, dokumentasjon og vurdering

Barnehagen har 5 planleggingsdagar i året. I tillegg har vi personalmøte på kveldstid ca. kvar 6 veke, avdelingsmøter annakvar veke og leiarmøte kvar veke. Denne tida brukar vi til å planleggje innhaldet i barnehagen. Vi lagar her rammene for vår pedagogiske plattform og korleis vi vaksne vil jobbe og kva vi vil legge vekt på. Vi lagar årsplan som vert godkjent i SU. I tillegg lagar vi månadsplanar med meir detaljert informasjon. Vi lagar også ein plan over progresjon av det pedagogiske arbeidet som viser kva vi skal jobbe med innanfor kvart fagområde på dei ulike aldersstega. Denne er ein del av årsplanen. Dette gjer vi for å sikre god progresjon i det pedagogiske arbeidet i barnehagen.

På bakgrunn av satsingsområdet vårt har vi valt å vurdere denne påstanden: *I barnehagen vår er alle vaksne deltagande i leiken på barnas premiss.*

Arbeidet i barnehagen blir vurdert kontinuerleg. Vi vurderer innhald og arbeidsformer opp mot rammeplan og barnehagelov. Vi gjer dette for å sikre høg pedagogisk kvalitet og for å sjå på kva vi kan bli betre til. Vi har alltid eit forbettringspotensiale og denne haldninga har vi med oss inn i dette arbeidet. Foreldre blir på ulike måtar invitert inn i vurderingsarbeidet i form av brukarundersøkingar, foreldresamtaler og ved å komme med innspel til styrar, personalet eller SU representantane. Kvart år har vi ein brukarundersøking til foreldra. Denne brukar vi også til å finne vurderingsområder og forbettringsområder det kommande barnehageåret. Vurdering med barna skjer gjennom spontane og planlagde barnesamtaler og ved observasjonar.

Tilsette vurderer på avdelingsmøter og personalmøte. Vi har også halvtårsevaluering før sommarferien og før jul.





Vi brukar ved behov kartleggingsverktøy som TRAS, ALLE MED, PORTAGE GUIDE og NYASIT. Desse ligg i barnets mapper og er gjort i dialog med foreldre / føresette. Dette er konfidensielt. I tillegg brukar vi bilete som dokumentasjon på arbeidet vårt i barnehagen. Dette er retta mot barn og foreldre og viser godt kva vi jobbar med. Dokumentasjonen skal samla sett gje ei god oversikt over vår pedagogiske praksis. Den planlegginga vi føretekk oss byggjer på evaluering, forskning og erfaring.

Dette året skal vi særskilt sjå på følgjande tema:

Tidspunkt barnehageåret 2024-2025	Kva skal vurderast og hensikta I vår barnehage deltar alle vaksne i leiken på barnas premiss.	Kven skal delta Foreldre Tilsette	Korleis og kor? Spørjeundersøking Refleksjon i personalgruppe/eigenvurdering
---	--	---	--

### Barn med særskilde behov

I barnehagen har vi også barn med litt andre behov enn majoriteten. Dette kan være barn med funksjonshemmingar, diagnosar eller andre, mindre behov. Då må barnehagen legge til rette slik at kvart einskild barn får den hjelpa og støtta dei til ein kvar tid treng.



I nokre tilfelle må barnehagen ha inn anna hjelp for å legge til rette for einskildbarn, dette kan være spesialpedagog eller anna støttepersonell. Dette må foreldra og barnehagen saman søkje om for å få slik hjelp.



### Foreldresamarbeid

*Barnehagen skal gi barn under opplæringspliktig alder gode utviklings – og aktivitetsmuligheter i nær forståelse og samarbeid med barnas hjem (barnehageloven §1 formål). Barnehagen skal bistå hjemmene i deres omsorgs – og oppdrageroppgaver, og på den måten skape et godt grunnlag for barnas utvikling, livslang læring og aktiv deltagelse i et demokratisk samfunn (Barnehageloven § 2 Barnehagens innhold). For å sikre samarbeid med barnas hjem, skal hver barnehage ha et foreldreråd og et samarbeidsutval. (Barnehageloven §4 Foreldreråd og samarbeidsutvalg).*

Som det går fram av barnehagelova forplikter barnehagen seg til å samarbeide med heimen til det beste for barnet. Vi er avhengig av eit godt samarbeid med heimen som byggjer på gjensidig tillit og openheit. Dette samarbeidet skjer på fleire arenaer.

Det daglege møte mellom personalet og foreldre er viktig for å skape eit godt samarbeid og forståing mellom barnehagen og heimen. Her har ein høve til å utveksle informasjon rundt barnet. Det kan være primærbehov som søvn, mat og stell eller meir generell informasjon. Personalet fortel om barnet sin dag i barnehagen. Barnehagen inviterer foreldre / føresette til foreldresamtalar 1-2 gangar i året. Her vert det i hovudsak informert om barnas trivsel og utvikling. I tillegg er det eit formelt møtepunkt der begge partar kan vere med å setje agendaen for møtet. Det er viktig at foreldre kjem med innspel i forhold til forventningar til barnehagen. Foreldre kan også be om fleire samtaler dersom det er ønskjeleg.



Dei nye barna som startar i barnehagen vert også invitert til ein startsamtale. Denne samtalen varar lengre enn ein vanleg foreldresamtale og er meir omfattande. Vi er her opptekne av barnets liv og heimemiljø. Vi spør om vald, rus, psykiske vanskar og andre sensitive sider. Det er opp til foreldre å bestemme kva dei ønskjer å dele med pedagogen. Personalet har teieplikt, men dersom det kjem fram ting kor barnehagen har meldeplikt til barnevernet vil vi gå vidare med dette. Vi spør for å kunne legge til rette og støtte barnet der det trengs. Her skal personalet bli kjent med eit nytt barn og ein ny familie. Det er viktig at denne kontakten blir så god som mogleg.

Kvar haust inviterer barnehagen til foreldremøte. Her vil vi presentere barnehagen sine målsetningar og arbeidet med barna på avdelinga. Har foreldre sakar dei ønskjer at vi tek opp, må dei kontakte enten barnehagen eller foreldrerepresentantane som er vald inn i SU. Kvar vår / sommar sender styrar ut melding til foreldre, og inviterer dei til å komme med innspel og tankar rundt neste års årsplan.

Alle foreldre er medlem i foreldrerådet i barnehagen. Foreldrerådet har møte i forbindelse med foreldremøte om hausten. Foreldre kan i forkant sende inn saker som er av interesse for barnehagen og som dei er opptekne av. På foreldremøte vert det vald representantar frå foreldra til å vere med i SU. I SU sitt også representantar frå personalet. Styrar er eigar sin representant og kallar inn til møte. SU har rett til å uttale seg i saker som er viktig for barnehagen, innhald, verksemd og forholda til foreldre. SU skal godkjenne årsplanen for barnehagen. Styrar ser til at viktige saker vert lagt fram for foreldrerådet og samarbeidsutvalet.

Som tidlegare nemnt vert foreldre invitert inn i samarbeid også via brukarundersøkingar. Dette er svært fruktbart for å få vite kva den enkelte forelder meiner om barnehagen. Barnehagen brukar Vigilo som kommunikasjonskanal. Her kan foreldre sende inn melding eller fråvær til avdelinga. Barnehagen kan igjen sende ut meldingar til foreldre. Kontakt med styrar er ønskjeleg på telefon, møte eller mail. Styrar les ikkje dagleg Vigilomeldingar, dette er meir meint som kommunikasjon mellom avdeling og heim, men styrar brukar det til å melde foreldre.

### **Personalsamarbeid**

Personalsamarbeidet består av 5 planleggings dagar i året. Nokre av desse dagane er kurs i regi av kommunen, andre planleggings dagar vert lagt til barnehagen. Vi har i tillegg personalmøte / kurs på kveldstid cirka kvar 6 veke. Avdelingsmøter har vi annakvar veke og leiarmøte kvar veke, i barnehagens opningstid. Elles har vi sosiale treff på utanom arbeidstid. Dette for å bygge opp eit godt psykososialt miljø personalet imellom. Barnehagen har i år søkt og fått tildelt Rekomp midlar for å jobbe med felles verdiar i personalet. Dette er spesielt viktig i år, sidan vi slår saman to barnehagar til ein. Felles plattform og syn på barn vil vere viktig. Vi gler oss til dette samarbeidet.

## Helse miljø og tryggleiksarbeid i barnehagen

Barnehagen er godkjent av helsevernetaten. Øygarden kommune har avtale med helsevernetaten i Bergen kommune om tilsyn i barnehagane våre i tillegg til at barnehagemynde i Øygarden fører tilsyn. Våren 2023 hadde barnehagen i begge bygg blant anna tilsyn på sikkerheit inne og ute. Dette vart utført av helsevernetaten i Bergen kommune. Styrar i samarbeid med verneombod har ansvar for HMT arbeidet i barnehagen. Dei går vernerundar årleg og vi har ettersyn av uteområdet månadleg.

Vi har førstehjelpskurs og brannkurs annakvart år for dei tilsette. I tillegg gjennomgår vi beredskapsperm og brannrutinar kvart år. Vi har brannøving med barna to gonger i året kor vi øver på å komme oss raskt ut av barnehagen. I tillegg har vi brannvernveke. Her brukar vi eit pedagogisk opplegg som heiter Bjørnis som tek for seg brannvernopplæring for barn. De kan lese meir om opplegget på denne linken: <https://brannbamsen.no/>



Førstehjelp har vi også kvart år for barna. Her har Røde kors lage eit pedagogisk opplegg for barnehagen. Opplegget heiter Henry Førstehjelp for barnehagebarn.

Barnehagen driv også enkel trafikkopplæring for barna når dei er på tur. Då snakkar dei om enkle trafikkreglar for fotgjengar, bruk av refleksvestar, refleks, barnesikring i bil, bilbelte ol. Vi har også tema oppe på foreldremøte om hausten kor vi informerer om parkering, lukking av portar ol.

Vi har opplysningsplikt til barnevernet dersom vi har bekymring rundt eit barn.

Alle tilsette skal levere gyldig politiattest og skrive under på teieplikt. Dette gjeld også vikarar og personar i praksis.